

Stord Fitjar Turlag

Dato: 24.11.2017  
Vår ref.: 2017/736-64  
Saksbehandlar: eirkniv  
Dykkar ref.:

Att. Gerda Øen

## Avslag på søknad Turskiltprosjektet 2017 (ekstrautlysning) - komplettering av eksisterande skiltprosjekt

Føremålet med Turskiltprosjektet er å bidra til auka og trygg friluftsfærdslse der folk bur og oppheld seg, gjennom ein nasjonal standard for informasjon, skilting og merking av turløyper.

Prosjekt: Komplettering av eksisterande skiltprosjekt

Prosjekteigar: Stord/Fitjar Turlag

Kommune: Stord

### Handsaming av søknaden:

Den 15. november 2017 handsama Utval for kultur, idrett og regional utvikling fordeling av kr 550.180 etter gjeldande nasjonale retningslinjer til Turskiltprosjektet gjennom ekstrautlysning.

### Vedtak:

Det var vist til dykkar søknad om tilskot til merking og gradering av turløyper i Turskiltprosjektet, søknadsfrist 15. september. Dykkar søknad fekk diverre avslag.

### Grunngjeving

Ved søknadsfristen 15. september 2017 kom det inn 10 søknadar med samla søknadssum på kr 888.460 og det var kr. 550.180 til fordeling. Dykkar søknad omhandla same område og prosjekt som søknaden frå Stord kommune. Søknaden frå Stord kommune var meir heil heilskapleg, og dykkar søknad er såleis ikkje prioritert.

### Klagetilgang og dokumentinnsyn

I medhald av forvaltningslova § 28 har part eller andre med rettsleg klageinteresse rett til å klage på vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Klagenemnda for Hordaland fylkeskommune er klageinstans. Klaga skal sendast til Hordaland fylkeskommune, Kultur- og idrettsavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen. Klaga må innehalda opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast. Som part har de rett til å gjera dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som går fram av forvaltningslova § 18 og 19.

Neste søknadsfrist er 15. februar 2018. Dersom de har spørsmål til saka ta kontakt med Eirik Knive, tlf: 55 23 91 66 og e-post [eirik.knive@hfk.no](mailto:eirik.knive@hfk.no)

Britt Karen Spjeld  
fylkesidrettssjef

Eirik Knive  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*